

From: Helge Dragøy
Sent: Tue, 25 Jan 2022 19:50:49 +0100
To: Stian Marøy
Cc: aage@ksaetre.no; arleikvo@online.no; anne.mongstad@online.no
Subject: Re: SV: Merknad til nabovarsel oppføring av veg, vatn, avløp o.l 142/209

Hei Stian og takk for svar!

Visar til tidlegare korrespondanse vedrørende nabovarsel.

Me finn at det framleis manglar ein del dokument før me vil og kan ta stilling til nabovarselet.

I dokumenta me fekk tilsendt var det eit kart over området Austrheim kommunesenter datert 01.12.04. Det var og lagt ved utskrift frå kommunestyremøte 20.06.05 der det vart gjort vedtak av ein del endringar.

Finn at kartet ikkje er oppdatert i henhold til dei merknadane og endringane som vart vedteke. Ynskjer tilsendt riktig kart samt merknadene som vart sendt inn.

Me har forstått det slik at planane for området er utbygging av Rop boligar, og at detaljane rundt desse skal kome på eit seinare tidspunkt.

At me skal måtte ta kontakt med planavdelinga for å få ut informasjon og godkjent plan dokumentasjon for området finn me noko uforståande, ettersom det er du som står oppført som prosjektleiar for utbygginga.

Ei viktig oppgåve kommunen har er å gje innbyggjarane sine god informasjon. I dette aktuelle området bur det mange eldre folk som ikkje kan eller har høve til å navigere seg på postlister, og dei digitale sidene til Austrheim kommune.

Me forventar at også dei blir skikkeleg informert om kva som eigentleg er Austrheim Kommune sine planar for området.

Me avventar saka til riktige, godkjende dokument og ikkje minst informasjon er på plass.

vhf

Nina og Helge Dragøy

Den 11.01.2022 09:24, skrev Stian Marøy:

Hei

Angående dine merknadar på nabovarsling av VVA m.m. til eigedom gbnr 142/209.

Vedlagt er reguleringsplan for Austrheim kommunesenter, eg legg også ved planvedtaket. For spørsmål som gjeld prosessen med denne, så kan du ta kontakt med planavdelinga til Austrheim kommune.

Angående plan for området som skal utviklast, så er ikkje denne ferdig. Bustadane vert difor varsla i eiga sak når dette er klart. Dette varselet gjeld berre vegen med vatn, avlaup osv.

Med vennleg helsing

Stian Marøy

Prosjektleder

.....

Austrheim kommune

Telefon: 952 58 827

www.austrheim.kommune.no



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak-og arkivsystem*